

REGULERINGSFØRESEGNER  
KOMMUNE : Hjartdal  
REGULERINGSOMRÅDE : MOEN MASSEDEPONI  
DATO FOR PLANFORSLAG : 08.03.2012  
DATO FOR SISTE REVISJON: 03.06.2012  
PLAN ID: 88  
DATO – VEDTAK I KOMMUNESTYRET: 12.09.12, sak 51/12

---

## 1. GENERELT

1.1 Reguleringsføresegnene gjeld for det regulerte området som er merka med plangrense på plankartet, teikningsnummer A-002 i målestokk 1:2000, datert 08.03.2012.  
Det regulerte området er på 524,1 daa.

### 1.2 Føremålet med planarbeidet

Føremålet med planarbeidet er å leggje til rette for eit felles massedeponi for E 134 Århus – Gvammen og Sauland Kraftverk. Planen skal syte for god terrenghandsaming samt avgrense naturinngrepa til det naudsynte.

1.3 Området vert regulert til fylgjande føremål:

### BYGNINGAR OG ANLEGG

Andre typer bygningar og anlegg, Massedeponi

### SAMFERDSELSANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR

Køyreveg KV1 og f\_KV 2-5  
Annan veggrunn, grøntareal AVG

### LANDBRUKS-, NATUR- OG FRILUFTSFØRMÅL OG REINDRIFT

Landbruksføresmål LNFR

### OMSYNSSONER

#### SIKRINGSSONER

Frisikt, H140  
Restriksjonsområde tunnel H190

#### FARESONE

Høgspenningsanlegg, H370

#### SONE MED ANGJEVNE SÆRLEGE OMSYN

#### BANDLEGGINGSSONER

Bandlegging etter lov om kulturminne H730\_ 1-11

## **OMRÅDEFØRESEGNER**

Anlegg- og riggområde

OF

## **2. FELLESFØRESEGNER**

### 2.1 Miljøtilhøve

2.1.1 Støy frå anleggsarbeid og drift skal fylgje tilrådingane i Miljøverndepartementet si Retningsline for handsaming av støy i arealplanlegging, T-1442.

2.1.2 I samband med gjennomføring av prosjekteringsfasa, skal det utarbeidast ytre miljøplan som gjeld for anleggsperioden. I denne skal omsyn til støy og omsyn til avrenning til vassdrag fylgjast spesielt opp.

### 2.2 Automatisk freda kulturminne

Dersom det ved tiltak i marka vert oppdaga mogelege automatisk freda kulturminne, må arbeidet i det aktuelle området straks stoppast. Tiltakshavar skal syte for at kulturseksjonen hjå fylkeskommunen straks vert varsla, i samsvar med § 8 i Kulturminnevernlova av 9. juni 1978.

### 2.3 Avslutning av deponiet

Tiltakshavar er ansvarleg for opprydding ved avslutta drift. Fyllingar som er ferdig oppfylt skal revegeterast.

### 2.4 Eigedomsgrenser

Eigedomsgrensene kan avvike frå føremålsgrensene der det er teneleg for utforminga av planen.

## **3. REKKEFYLGJEFØRESEGNER**

### 3.1 Rigg- og marksikringsplan

Det skal utarbeidast ein rigg- og marksikringsplan i samband med planlegging av utbygginga.

### 3.2 Kulturminne

Før anleggsarbeidet kan setjast i gang, skal kulturminne med id 150534 (H 730\_9) og 150530 (H 730\_6) sikrast i marka med gjerde. Inngjerdinga skal gjerast av tiltakshavar i samarbeid med Telemark fylkeskommune.

### 3.3 Grunntilhøve

Før anleggstart skal det dokumenterast at grunntilhøva er sikre og at naudsynte avbøtande tiltak er gjort.

### 3.4 Køyreveg til riggområde

Køyreveg f\_KV 2 skal opparbeidast og takast i bruk innan f\_KV3, f\_KV4 og f\_KV5 kan opparbeidast.

### 3.5 Miljøtilhøve

Fang- og sedimentasjonsdammane skal etablerast før ein set i gang med deponering av masser.

## 4. AREALFØREMÅL OG FØREMÅLSSONER

### 4.1 Bygningar og anlegg (pbl §12-5, nr. 1)

#### 4.1.1 Andre typar bygningar og anlegg, Massedeponi

I område for massedeponi skal oppfyllingshøgde ikkje gå over kote 177. Det skal byggast dammar og grøfter for handsaming av ureina vatn frå deponiet.

Ved framtidig uttak av masser som vert omfatta av minerallova, er det krav om driftskonsesjon med driftsplan som er godkjent av Direktoratet for mineralforvaltning.

### 4.2 Samferdsle og teknisk infrastruktur (pbl §12-5, nr. 2)

#### 4.2.1 Køyreveg

- KV 1 er regulert til offentleg veg (dagens E134).
- f\_KV 2 er regulert til privat, felles veg og gjev tilkomst til området frå E134.
- f\_KV 3 er regulert privat, felles veg og gjev tilkomst til eksisterande veg i området.
- f\_KV 4 er regulert til privat, felles veg og gjev tilkomst til tunnelpåhogget. Denne skal nyttast til driftstrafikk til og frå området.
- f\_KV 5 er regulert privat, felles veg og gjev tilkomst til deponiet. Denne skal nyttast til driftstrafikk til og frå området.

Eksisterande rettar på veg inn i området vert overført til f\_KV2 og f\_KV3.

#### 4.2.2 Annan veggrunn, grøntareal, AVG

Det skal byggast dammar og grøfter for handtering av ureina vatn innafor føremåls grensa.

### 4.3 Landbruks-, natur- og friluftsføremål samt reindrift (pbl §12-5, nr.5)

#### 4.3.1 Landbruksføremål, LNFR

#### 4.4 Omsynssoner (pbl § 12-6)

##### 4.4.1 Sikringssoner

###### Frisikt, H140

Det skal vera fri sikt på 0,5 meter over bakkeplan mot terrengnivå på tilgrensande vegar.

###### Restriksjonsområde tunnel, H190

Alle tiltak som inneber graving, sprenging eller boring over og ved sida av tunnelkonstruksjonen, skal godkjennast av Skagerak Kraft AS / Sauland kraftverk.

##### 4.4.2 Faresone

###### Høgspenningsanlegg, H370

På kvar side av høgspenningslina er det ei sikringssone på 21 meter frå senterlina. Aktivitet med anleggsmaskiner innafor sikringssona skal godkjennast av Skagerak Nett AS. Dette gjeld ikkje vanleg massetransport med lastebil på tvers av lina. Ferdig bygd veg skal ligge minimum 10 meter under kraftleidningen.

##### 4.4.3 Bandleggingssone, H730 1-11

Bandlegging etter lov om kulturminne jmf. §8 i Kulturminnevernlova.

Det er ikkje tillate å gjere nokon form for varige eller mellombelse inngrep som medfører å skade, øydeleggje, grave ut, forandre, skjule eller på nokon måte utilbørlig skjemme automatisk freda kulturminne, eller framkalle fare for at dette kan skje. Hogst og skjøtsel i område avsett til bevaring av kulturminne, må skje i samråd med dei regionale kulturminnemyndigheitene (Telemark fylkeskommune).

#### 4.5 Områdeføresegner (PBL. § 11-8)

##### Anlegg- og riggområde OF

Av omsyn til anleggsfasa er det regulert mellombels rigg- og anleggsområde. Når anlegget er ferdigstilt, skal anleggsområda settast i stand til underliggjande føremål.